

NR. 2

FEBRUAR 1982

15. ÅRG.

### *Øye for øye eller nåde for synder?*

Øye for øye. Tann for tann. Når noen gjør noe ondt mot oss skal de ha gjengjeldelse i samme mål. Slik har loven vært fra tidenes morgen, og slik var den også i det gamle Israel. (2. Mos. 21.24).

I Bergprekenen snur Jesus opp ned på dette: — Dere har hørt det er sagt: Øye for øye og tann for tann. Men jeg sier dere: Sett dere ikke opp imot den som gjør ondt mot dere. Om noen slår deg på høyre kinn, så vend også det andre til (Matt. 5.38-39). Enda mer radikalt blir det når Jesus videre sier: Elsk deres fiender og be for dem som forfølger dere.


Er det en total pasifisme Jesus her forkynner? Nei, ikke nødvendigvis det.

*til side 8*

### **EVANGELISK AKSJON I ARNA KYRKJE**

#### **2. - 7. MARS**

Arna sokneråd vil gjerne ha ei møteveke i kyrkja kvar vår. Dette året vert sokneprest Rolf Wiersholm talar i tida tysdag 2.3. — sundag 7.3.



*Forts. s. 2*

### **Kontingent 1982**

I dette bladet er det lagt ved ein blankett for innbetaling av kontingent. Sokneråda har vedteke ein frivillig kontingent på kr. 25,- for året og vi er glade for alt som kjem inn, både meir eller mindre.

Vi sender bladet til alle husstandane i Arna, og skal vi kunna gje ut bladet er vi avhengige av midlar som kjem inn. I året som

har gått har det vore bra med økonomien slik at vi har kunna kome med fleire nummer til faste tider. Vi vonar det skal bli slik dette året også, og blir det god innbetaling kan vi kanskje koma med litt større sidetal stundom.

Redaksjonen er takksam for innbetaling. Takk for di gåve til bladet!

## Fra side

Emna for møta:

**Tysdag:** «Når reservene blir ressurser».

Song v/familien Leithaug.

**Onsdag:** «Kan jeg finne Gud når som helst?»

Song: Arna kyrkjekor.

**Torsdag:** «Er ikke livet mitt?»

Song: Arna Ten Sing.

**Fredag:** «Er jeg utvalgt når jeg ikke føler meg kalt?»

Song: Grethe Knutsen / Liv Riise.

**Laurdag:** «Hjelp for de bitre minner».

Song: Unge Kristne, Osterøy.

**Sundag:** «Han la i min munn ein ny sang».

Song: Betania Ungdomsmusikk og Betania Musikkor.

Alle møta tek til kl. 19.30.

Åse Wiersholm deltek også på møta

## Årsfesten i Arna kyrkjelyd

var søndag 7. februar. Der har vorte tradisjon no, at Arna kyrkjelyd har fest og årsmøte på Bibel-dagen.

Gjennom årsmeldinga frå Soknerådet fekk me igjen stad-festa at kyrkjelyden har mange arbeidsområde, og at stadig nye oppgåver ventar.

I talen minna Asgeir Straume om at me midt i vår aktivitet og kyrkjegang ikkje må gløyma å sanna syndene våre.

Fortrengjer me dei, lurar me oss sjølve. Han tok utgangspunkt i 1. Joh. 1.8 ff. Gløymmer me å snakka med Gud om livet vårt? Me skal få

sanna våre konkrete synder for Gud, og me skal få sanna syndene for kvarandre. Og så skal me få tilgjeving for Jesu skuld, for han har betalt det det kosta.

Kyrkjekoret song, og saman med Paul Leithaug lærte koret oss nokre salmar frå det nye salme-bokforslaget.

Me gledde oss over det Steinar og Johnny Hesthammer gav oss i sin avdeling med vakker fløyte-musikk!

Me fekk tid til å prata saman over kaffi/te-koppen, og kjende det var fint å vera saman som kyrkjelyd på denne måten.

## ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontorët Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00 og fredag kl. 09.00-10.00, eller etter av-tale.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Syivi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## Evangelisk aksjon i Arna bedehus

i tida tysdag 16. til søndag 21. februar.

Motto:

*La oss vandre i lyset.* (1. Joh. 1).

Det er general-sekretær Ole Abel Sveen som vert talar på møta.



Sveen har vore i Arna fleire gonger, og mange kjenner han og er glad i han. Han er ein dyktig talar med ei klår bibelsk forkynning. I tillegg er han ein svært god songar. Me vil oppmoda alle som kan å koma og høyra han.

Rikeleg med song og musikk vert det og.

Laurdag vert det ungdoms-kveld.

Møtetida er kl. 19.30, søndag kl. 19.00.

Det er bønemøte ein halv time før møta.

Indre Arna Indremisjon

## Stor konsert Ytre Arna kyrkje

sundag 28. mars

kl. 19.00

Tertnes skoles strykeorkester  
Dirigent: Alf Steiner Christi-anssen

Solist: Pianist Signe Bakke

Av programmet nemner vi:

Klaverkonsert i D-moll av J.S. Bach.

Kollekt.

Støtte frå Rikskonsertane.

## Fastegudstjester og fastemøte

Også dette året vil prestane legge opp til møte i fastetida. Faste startar askeonsdag som i år er onsdag 24. februar. Vi ynskjer på denne måten å gje hjelp til å førebu høgtida som ligg framfor oss. Det vert gudsteneste i kyrkjene og dessutan nokre møte rundt i bygda.

Vi ynskjer alle velkomne til desse samværa om Guds ord i fastetida.

### Onsdag 24.2.

Arna kyrkje kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Borge (hjá Ole O. Borge) kl. 16.00, sokneprest Øy.

### Onsdag 3.3.

Ytre Arna kyrkje kl. 19.30, sokneprest Øy. Nattverd.

### Onsdag 10.3.

Arna kyrkje kl. 19.00, res.kap. Sundsbø.

### Torsdag 11.3.

Takvam kl. 19.30. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

### Onsdag 17.3.

Arna kyrkje kl. 19.00, sokneprest Øy.

Ytre Arna kyrkje kl. 19.00. (Merk tida!) Res.kap. Sundsbø.

### Onsdag 24.3.

Arna kyrkje kl. 19.00, res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Romslo (hjá Brita Romslo) kl. 19.00, sokneprest Øy.

### Onsdag 31.3.

Ytre Arna kyrkje kl. 19.30, sokneprest Øy. Nattverd.

Fjellgardane kl. 20.00, res.kap. Sundsbø.

## MINNEORD



Sokneprest Harald Hope døydde 15. januar 1982, 68 år gamal, etter lang sjukdom. Han vart gravlagd 23. januar ved den gamle historiske Moster kyrkja.

Eit uvanleg stort fylgje var med, og det vart bore fram mange sterke vitnemål til minne om den avhaldne presten og Harald Hope si rike gjerning i eit altfor kort liv.

Lengste prestatida fekk Hope mellom folket i Arna og gamle Haus. Og mange i bygdene her stogga opp i vemod og sorg, ved meldinga om at den sterke og så levande personlegdomen, Harald Hope, var gått bort.

Til no har ingen andre prestar enn legendariske Mastrander hatt så lang prestatid i Arna som Hope, ialt 20 år. Og det høver godt ved hans bortgang å trekkje linene bakover mot den rike fedrearven, som gjennomsyrt all hans gjerning. Først og fremst «Fedrene kyrkja i Noregs land», slik det og vart sunge i gravferda. Ho er det grunnleggjande og berande — og på denne trygge basis vart livet hans ein trugen strid for kristen-

dom og norsksdom. Eir or tale Hope heldt for vel 10 år sidan, på Kristkyrkjetufta i Bergen, slutta han slik: «Vanvyr ikkje den grunnun fedrane helga!» Her ser vi endå eit sentralt emne for Hope si store livsgjerning. Den historiske kjensla, som ikkje minst kom til syne i hans utrøyttelge arbeid for frendefolket i vest, Island og Færøyane.

Det trongs både kunnskap og optimisme for å bera fram hjertesakene som Hope stridde for. Hope hadde desse føresetnader i rikt mon, sjølv om han vel stundom kunne tenkja med Garborg: «er vi eit folk — eller er vi restene av eit folk». Hope sette heile sin karakterstyrke og rike arbeidsdug inn for at folket skulle samlast om dei sanne og ævelege verdiar. Det er einaste vegen til vokster og framgang.

For tretti år sidan kom Hanna og Harald Hope hit med borna, og skapte ein god heim i Ytre Arna. Her åtte dei si unge sterke lykke. Her såg dei borna vekse opp — og her vaks dei samen med folket. Tankane våre går til Hanna Hope og til dei to døtrene, med takk og varme helsingar frå folket i Arna.

## Fasteaksjonen

Også i år vil alle heimane i Arna få utdelt fastebøssene frå Kirkens Nødhjelp. I Ytre Arna er det konfirmantane som deler dei ut, i Indre Arna er det diakoniutvalget som organiserer utdelinga.

Vi vil gjerne oppmoda alle om å bruka desse bøssane. Det er ein god måte å hjelpa menneske i naud, og vi veit at hjelpa kjem fram.

I neste nummer av bladet vil vi koma attende til aksjonen med ein nærare presentasjon.

## BORNA SIN MISJONSDAG

### Arna

Søndag den 21. februar er det borna sin misjonsdag i Arna. Det vert familiegudsteneste i Arna kyrkje kl. 11.00 ved sokneprest Øy og Liv Kolås frå Det Norske Misjonsselskap tek del.

Naturleg nok vert det og teke opp offer til misjonsarbeidet. Etter gudstenesta vert det kyrkje-kaffi i Ådnahall for heile familien.

Søndagsskuleborn frå Garnes, Tunes, Takvam og Romslo er spesielt inviterte til denne gudstenesta og det vert dessutan song av Arna guttekantori.

### Ytre Arna

Søndag den 28. februar er det borna sin misjonsdag i Ytre Arna. Det vert familiegudsteneste i kyrkja ved sokneprest Øy. Her vert det også teke opp offer, som går til Misjonssambandet sitt arbeid. Yngste Røyster vert med og syng. *Heile familien er velkommen!*

## Misjonsveke i Ytre Arna

Det Norske Misjonsselskap har møte i Ytre Arna og Haugland desse dagane:

*Onsdag 24. febr. kl. 19.30*  
Ytre Arna bedehus.

*Torsdag 25. febr. kl. 19.00*  
Haugland bedehus.

*Fredag 26. febr. kl. 19.00*  
Ytre Arna bedehus.

*Sundag 28. febr. kl. 18.00*  
Kyrkjelydshuset

### Talar:

Misjonær Bjørg Bruknapp

## Bøsseaksjon til inntekt for utviding av Takvam kapell

Ein må sjå i augo at kommunen ikkje kjem til å bygga nytt kapell på Takvam i dette «tusenåret». Derfor har Nemnda for Takvam kapell fått arkitekt A. Vold til å laga teikning til utviding av kapellet. Etter denne teikninga vert kyrkjesalen dobbelt så stor, og i tillegg får ein sanitæranlegg og eit sakresti til. Dette er no kostnadsrekna til kr. 340.000.

Siste veka i februar skal ein ha ein bøsseaksjon til inntekt for dette. Ein har fått løyve av Bergen politikammer, og Arna Sparebank stiller bøsser til rådvelde. Dei vert alle merkte Takvam kapell. Ein vil i første rekkje halda seg til den delen av kommunen som soknar til Takvam gravplass, men ein vonar og på velvilje av andre som får besøk av bøssebærarar. Der- som du ikkje vert nådd på denne måten, så kan du venda deg til desse med gáva di:

Haldor Romslo, Kari Takvam, Trygve Herland (Tunes) og Klara Ulveseter (Indre Arna). Du kan og gje gáva di direkte til Arna Sparebank, konto nr. 3633.51.10891.

Hjartans takk for gáva!

Nemnda for  
Takvam kapell


## Årsfest

### Ytre Arna kyrkjelyd

Årsfesten i Ytre Arna kyrkjelyd vert sundag 28.2. kl. 18.00 i Kyrkjelydshuset.


Det er soknerådet saman med foreningane for Misjonsselskapet som skipar til festen, og talar vert misjonær Bjørg Bruknapp.

# GLIMT FRÅ VISITASEN



— Sundagsskuleborna på Takvam hadde laga gåve til biskopen.

— Kapellet på Arna Helseheim vart vigsla.  
Foto: Hallvard Tysse, Bygdanytt.



Vitjing på Janus var med i programmet.



— og leiarsamling i Arna bedehus med 130 frå begge kyrkjelydane.



Skule- og familiegudstenester var det og — her frå gudstenesta på Tren- gereid. Elevane hadde laga teikningar og dei tok del i gudstenestene med fleire innslag.



Frå møtet med sokneråda og dei tilsette i kyrkjelydane.

# Familieside

## DØYPTE:

### Arna sokn:

17/1: Rebecca Osland, Ann-Mari Lian.

31/1: Charlotte Eikeland, Ellen-Kristine Akselberg, Anne Reidun Haugland og Roy Ove Bjelde.

### Ytre Arna sokn:

10/1: Tone Gunn Solsvik.

17/1: Dianne Hjortland Svardal.

Helge Kvamme.

31/1: Marthe Schille, Ragnhild Vesetvik.

## VIGDE:

### Ytre Arna sokn:

30/1: Tore Rolland og Nina Elisabeth Jacobsen.

## DØDE:

### Arna Sokn:

15/12-81: Osmund Maage, f. 1916.

02/01-82: Olav O. Tunes, f. 1906.

14/1: Sigrid Johanna Tverlid, f. 1908.

23/01: John Kjellby, f. 1910.

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna:

10/1: Bergen prostiråd kr. 965

17/1: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1538

24/1: Bjørgvin Stiftssenter kr. 3477

31/1: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1004

### Ytre Arna:

10/1: Bjørgvin Bispedømmeråd kr. 261

31/1: Indre Sjømannsmisjon kr. 850

## LØYSTE DU

### «BILDEKRYSSORD» I JULENUMMERET?

Løysinga er: KOM JESUS VÆR VÅR HEDERSGJEST.

Mellom dei som sende inn løysing, har vi trekt ut ein premievinnar. Det er Øystein Lothe, klasse 1 b ved Garnes barneskule. Han har fått boka «Ekornløven» i premie.

**Fra side 1** Han kommer også med begrunnelsen for en slik handlemåte: så dere kan være barn av deres Far i himmelen. For han lar sin sol gå opp over onde og gode og lar det regne over dem som gjør rett og dem som gjør urett.

Som faren er skal også barna være. Vår Far i himmelen elsker hvert eneste menneske, til tross for at vår synd og skyld overfor ham er uendelig stor. Hvis Gud skulle fulgt prinsippet øye for øye og tann for tann ville det vært ute med hver eneste en av oss. Men ved Jesu soning på korset er det åpnet en annen vei. Den heter nåde for synder. Ved at vår synd blir tilregnet Jesus og hans rettferdighet oss, kan Gud la være å følge prinsippet øye for øye og tann for tann. Og når Gud i Jesus har tilgitt oss alt det gale vi har gjort mot ham, da må også vi kunne tilgi det andre mennesker har gjort mot oss, som i sammenligning med vår skyld overfor Gud er for blåbær å regne. Men det er bare i Jesus Kristus at det blir gitt nåde for synder. For dem som lever uten ham må Gud engang bruke prinsippet øye for øye og tann for tann.

Valget er vårt, nå. Audun Stølås

Presten har ordet



## NATTVERDEN — Harald Sundsbø FOR HEILAG FOR MEG?

Eg har møtt dei som har det spørsmålet. Dei har då gjerne ikkje våga seg fram til nattverdbordet.

For å svara kort på dette, vil eg først seia litt om kva nattverden er: Det er eit styrkemåltid for oss som Jesus sjølv har gjeve oss. Der får me hans lekam og blod i brød og vin.

Nattverden er eit nådemiddel. Det er ein måte Gud gjev oss sin nåde og tilgjeving på. I nattverden gjer han det på ein synleg måte. Me treng ikkje «føla» Guds tilgjeving, men me kan vita at me får den i nattverden.

Nattverden er difor ei stor hjelp

for trua. Tilgjeving vert oss til del i ei synleg handling.

Nattverden er eit festmåltid. Der får me samfunn med Jesus og med kvarandre. Og den gjev oss liv og sæle. For der det er tilgjeving for syndene er det og liv og sæle (Luther).

Til no har eg sagt lite om kven som er verdige til å gå til nattverd. Men vekta skal ikkje liggja på vår «verdighet», men på det Jesus innbyr til.

Ved nattverdbordet kjem alle som syndarar som treng hjelp.. Rundt nattverdbordet er det aldri ei samling feilfrie menneske, men syndarar som treng Jesu hjelp.

Vår «verdighet» kan berre liggja i dette å ha bruk for Jesus. Luther seier det slik: «Men verdig og vel førebudd er den som trur desse orda: «gjeven for dykk», og «utrent for dykk til forlating for syndene».

Spørsmålet er såleis ikkje om me kjenner oss «gode nok», eller er akseptert nok av andre, men om me har bruk for Jesu hjelp og

Forts. side 10

## Statistikk

Det vert ført statistikk i kvart prestegjeld over ulike ting. Ved årsskiftet vert det sendt vidare til biskopen. Frå statistikken for 1981 tek vi med:

	Arna	Ytre Arna
Gudstenester, ordinære .....	84	42
Gudstenester, ekstraordinære .....	43	11
Fødde .....	96	37
Døypte .....	122	23
Konfirmerte .....	182	45
Vigde, i kyrkja .....	31	8
Vigde, borgarleg .....	6	3
Gravferder .....	33	21
Innmelde i kyrkja .....	1	
Utmelde .....	6	3
Innkome ved offer/kollekt .....	157264	30395

Når det ikkje er heilt samsvar mellom fødde og døypte born, kan det vera avdi borna er døypte andre stader eller fødde eit år og døypte neste kalendarår.

## Kvinnenes internasjonale bønadedag



Kvinnenes internasjonale bønadedag er i år fredag den 5. mars. I Arna vert det samling i Arna bedehus kl. 18.00 der alle er hjarteleg velkomne.

Erne for bønadedagen dette året er «Guds folk». Ein kvinnekomité frå Irland har utarbeidd programmet. Dei vil med emnet peike på kor stort det er å høyre til Guds folk, Guds familie, på jord.

Som vanleg vert det offer til Bibelmisjonen på møtet.

## Møte i februar/mars

**Betania, Lone:**

16.-28. februar:

Ungdomsveker ved Jostein Mulelid.

Møta tek til kl. 19.30.

**Tunes bedehus:**

16.-21. februar:

Møteveke ved Annbjørg Boge.

Sundag kl. 19.00, andre kveldar kl. 19.30.

**Ytre Arna bedehus:**

9. - 14. mars:

Møteveke ved Johannes Leikvoll, Misjonssambandet.

Sundag kl. 19.00, andre kveldar kl. 19.30.

**Haugland bedehus:**

Sundag 21. februar kl. 11.00.

Møte ved bibelslulelærer Kristian Helland.

Kyrkjelydsbladet vil gjerne vera med å kunngjera møte. Send inn opplysningar til redaksjonen (Frist: sjå siste side).

## Fra side 9

trur at nattverden kan gje hjelpa.

Og sit du heime og ikkje kan koma til kyrkje til nattverd, men gjerne vil ha del i dette, så kan du berre ta kontakt med prestekontoret. Å gå rundt med nattverd er ei viktig oppgåve for prestane.



## FRÅ SOKNERÅDA

**Arna:**

*Paul Leithaug til Eidsvåg.*

Organist Paul Leithaug sluttar i stillinga, då han er tilsett som organist i Eidsvåg.

*Ottar Mæstad organist på Trengereid.*

Frode Kleppstø har sagt opp stillinga som organist ved Trengereid kapell. Soknerådet har konstituert Ottar Mæstad i denne stillinga.

*Loftet på Borgstova.*

Ein har vedteke å setja i stand loftet på Borgstova, slik at det kan nyttast m.a. til grupperom for ungdom.

## Gåver til piano, Ytre Arna

A.K. kr. 200,-. K.V. kr. 100,-. K. 100,-.

Takk for gåvene.

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

## EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

## EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørgeres oppsatt.

## ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt beste gjennom 115 år.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



# Velkommen til kyrkje



## 21. februar:

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Borna sin misjonsdag. Offer til Det Norske Misjonsselskap. Arna Guttekantori. Kyrkjekaffi.

**Trengereid kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Institutt for kristen oppseding.

## Onsdag 24.2.

**Arna kyrkje kl. 19.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

**Borge (Hjá Ole O. Borge) kl. 16.00:** Sokneprest Øy.

## 28. februar:

**Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Modum Bad Nerve-sanatorium. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta. Kyrkjekaffi.

**Arna kl. 19.00:** Ungdomsgudsteneste.

**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Borna sin misjonsdag. Offer til Misjonssambandet.

**Haukeland kl. 16.30:** Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.

## Onsdag 3. mars:

**Ytre Arna kyrkje kl. 19.30:** Sokneprest Øy. Nattverd.

## 7. mars:

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy og Rolf Wiersholm. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Sellevold. Nattverd.

## Onsdag 10. mars:

**Arna kyrkje kl. 19.00:** Res.kap. Sundsbø.

## Torsdag 11. mars:

**Takvam kl. 19.30:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

## 14. mars:

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Konrad Stormark. Offer til kirkens S.O.S.

**Ytre Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## Onsdag 17. mars:

**Arna kyrkje kl. 19.00.** Sokneprest Øy.

**Ytre Arna kyrkje kl. 19.00:** (Merk tida!) Res. kap. Sundsbø.

## 21. mars:

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Utdeling av Mi Kyrkjebok. Offer til Institutt for kristen oppseding.

**Ytre Arna kl. 19.00:** Ungdomsgudsteneste.

**Trengereid kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

## Onsdag 24. mars:

**Arna kyrkje kl. 19.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

**Romslo (hjá Brita Romslo) kl. 19.00:** Sokneprest Øy.